




Konfliktrådet

nynorsk

# Kva er ungdomsstraff og ungdomsoppfølging?

- informasjon til ungdom og verje



Dette informasjonsheftet er gitt ut  
av Sekretariatet for konfliktråda.

september 2024



Informasjonsheftet skal konfliktrådet gå gjennom med deg  
for å forklare ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.  
Du får med deg ein kopi av informasjonsheftet etter møtet.

For meir informasjon, sjå: [www.konfliktraadet.no](http://www.konfliktraadet.no)

## 1. KVA ER UNGDOMSSTRAFF OG UNGDOMSOPPFØLGING?

Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging er straffereaksjonar spesielt for ungdom.

**Ungdomsstraff blir fastsett av domstolen og** kan vare frå fire månader til to år (unntaksvis tre år).

**Ungdomsoppfølging blir fastsett av påtalemakta og** kan vare frå fire månader til eitt år. Du må seie ja, det vil seie samtykke, til ungdomsoppfølging.

Val av straffereaksjon og lengda på straffa kjem mellom anna an på kor alvorleg saka er. Felles for straffereaksjonane er at du skal vere med og lage ein ungdomsplan med tiltak som du må følge opp i straffeperioden, og at du vil bli følgt opp av eit oppfølgingsteam.

I straffegjennomføringa vil vi snakke om lovbrøtet, og du kan mellom anna møte den eller dei du har gjort noko ulovleg mot, viss dei vil møte deg (i eit gjenopprettande møte).

Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging handlar om å få til endringar i livet ditt, om at du tar ansvar for det du har gjort, og om at vi saman skal klare å snu ting til det positive for deg framover. Du må vere motivert og klar for å gjere ein innsats, men ungdomskoordinatoren og oppfølgingsteamet vil følge deg tett opp og støtte deg gjennom ei tid der motivasjonen kan svinge.

Målet er at du ikkje skal gjere nye lovbrøt.



**Kva tenker du om dette? Har du nokon spørsmål?**

## 2. FØREBUING

For å kunne lage ein god ungdomsplan må vi bli kjende med deg. Vi vil derfor snakke med deg om korleis du har det, korleis du ønsker at livet ditt skal sjå ut, kva som skal til for at du ikkje skal bryte lova, og kva du sjølv kan gjere for å nå dette målet. Kva treng du hjelp til, og kven kan hjelpe deg? Kven er viktig i livet ditt? Vi kjem òg til å snakke med andre som kjenner deg, for å finne ut av kva for nokre tiltak du skal ha i ungdomsplanen. Vi vil òg snakke med deg om kven som bør vere med i oppfølgingsteamet ditt.

## 3. OPPSTART

Straffegjennomføringa startar med eit ungdomsplanmøte der du og ungdomsplankoordinatoren lagar ungdomsplanen i samarbeid med oppfølgings- teamet. Planen skal innehalde tiltak du må gjere gjennom straffeperioden.

Konfliktrådet vil òg starte arbeidet med å finne ut av kven det kan vere aktuelt for deg å ha gjenopprettande møte med.



Kva tenker du om dette? Har du nokon spørsmål?



## 4. UNGDOMSPLANEN OG OPPFØLGINGSTEAMET

**Ungdomsplanen** skal seie kva du må gjere i kvardagen din. Målet med tiltaka i planen er at du ikkje skal gjere nye lovbrøt i framtida. Du er med på å lage planen. Du kan ha med deg forsvarar når vi skal lage ungdomsplanen. Viss du er ueinig i innhaldet i planen, kan du klage til konfliktrådet innan tre veker etter ungdomsplanmøtet. Sekretariatet for konfliktråda vil då vurdere klagen din. Du har rett til å få hjelp av advokat til dette.

Nedanfor ser du døme på tiltak i ein ungdomsplan.

### UNGDOMSPLAN FOR HENRIK DEL 1 – OVERSIKT

I ungdomsstraffa skal eg følge opp desse tiltaka:	
Tiltak 1	gå på skule
Tiltak 2	ha samtalar på BUP
Tiltak 3	snakke med politibetjent Marte Lillekroken
Tiltak 4	ikkje ruse meg på ulovlege rusmiddel, ta rustestar og ha samtalar med ruskonsulenten
Tiltak 5	trene fotball
Tiltak 6	vere heime seinast kl. 22.00 på kvardagar og kl. 23.30 i helgene



Alle tiltaka er skildra meir detaljert i ungdomsplanen. Her ser du eit døme.

## DEL 3 – TILTAK


### Oversikt over kva Henrik skal gjere i ungdomsstraffa

GRUNNVILKÅR: IKKJE GJERE NYE LOVBROT		
Tiltak nr. 3	<b>Samtale med politiet</b>	
Kva	Henrik skal ha samtalar med Marte Lillekroken annankvar tysdag kl. 15, viss ikkje eit anna tidspunkt er avtalt. Dei skal mellom anna snakke om korleis Henrik skal unngå situasjonar som kan føre til ny kriminalitet.	
Kor	Hamar politistasjon eller ein annan stad som er avtalt.	
Tidsrom	Start: 01.08.2024	Slutt: 01.08.2025
Formål	Henrik skal halde seg unna negative miljø og få hjelp til å la vere å gjere nye lovbrøt.	
Oppfølgingsansvar		
Kven følger opp	Namn: Marte Lillekroken	Rolle/arbeidsstad: politibetjent, Hamar politi
Særleg avtalt	Marte minner Henrik på avtalen per sms dagen før dei skal møte kvarandre.	

**Oppfølgingsteamet** skal følge deg gjennom heile straffeperioden. Vi set saman teamet av personar som har ansvar for tiltaka i ungdomsplanen, og andre støttepersonar.



Teamet kan bestå av personar frå familien din eller frå politiet, kriminalomsorga, skulen, barnevernet og helsevesenet. Det kan også inkludere andre personar som har mykje å seie i livet ditt, til dømes ein trenar, nabo eller god familievenn. Skal du gjennomføre ungdomsstraff, skal politiet og kriminalomsorga alltid ta del i oppfølgingsteamet.



## 5. GJENOPPRETTANDE PROSESS OG MØTE

Konfliktrådet vil legge til rette for at du kan ha eit gjenopprettande møte med den eller dei som har vore utsette for lovbrøtet du har gjort, dersom dette er mogleg å få til. Å rette opp att handlar om å reparere den skaden og uretten som har skjedd, så godt det lar seg gjere.

I eit slikt møte vil de få snakke saman om kva som har skjedd, korleis det har vore for dykk i tida etter at det skjedde, og kva som er viktig for dykk framover.

Det kan òg vere andre enn direkte fornærma som har blitt ramma av lovbrøtet, og som kan ha behov for eit gjenopprettande møte med deg. Og det kan vere andre som du har behov for å snakke ut med. Saman med ungdomskoordinatoren kan du finne ut kven du kan ha behov for å ha gjenopprettande møte med.

Ein viktig del av straffegjennomføringa er å ta ansvar for eigne handlingar, så du må uansett forvente å snakke om lovbrøtet du har gjort, med ungdomskoordinatoren eller deltakarar i oppfølgingsteamet.

## 6. INFORMASJONSDELING

For å gjennomføre ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging må du seie ja (samtykke) til at det kan delast teiepliktig informasjon om deg i oppfølgingsteamet og i koordineringsgruppa til konfliktrådet (KOG). Samtykket gjeld informasjonsdeling både før og under gjennomføringa av straffa. Det er berre opplysingar som har noko å seie for straffegjennomføringa di, som kan delast.

I KOG sit det representantar frå politiet, påtalemakta (politiadvokaten), konfliktrådet og kriminalomsorga. Nokre gonger er representantar frå helsevesenet, barnevernet og andre tenester også med. KOG deler informasjon om deg for å vurdere om saka di er eigna til ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging. Ved behov kan KOG dessutan gi råd til ungdomskoordinatoren medan du gjennomfører straffa di.

Oppfølgingsteamet deler informasjon om deg for å kunne støtte deg og kontrollere at du gjennomfører tiltaka i ungdomsplanen under gjennomføringa av straffa.

(?) Kva tenker du om dette? Har du nokon spørsmål?



## 7. KVA FOR NOKRE KRAV STILLER VI TIL DEG?

Du må gjere det som er avtalt i ungdomsplanen. Det viktige er at du følger opp alle avtalane, møter opp til og gjennomfører tiltak og samarbeider med oppfølgingsteamet ditt.

### **Du må**

- bidra med å lage ein ungdomsplan og gjennomføre ungdomsplanen i samarbeid med oppfølgingsteamet ditt
- snakke om lovbrøtet ditt, og ta ansvar for det du har gjort
- møte til avtalt tid og stad undervegs i gjennomføringa av straffa
- levere legeattest viss du er sjuk

### **Du skal ikkje**

- gjere nye straffbare handlingar i gjennomføringstida;
- vere påverka av alkohol eller andre rusmiddel i møte med oppfølgings-teamet eller møte/tiltak som står i ungdomsplanen. Viss det er mistanke om at du møter påverka, kan vi be deg om å gjennomføre ein rustest;
- reise til utlandet i gjennomføringstida. I nokre tilfelle kan ungdoms-koordinatoren likevel gi deg lov til det. Dette må du søke om i god tid;
- true personar som deltar i gjennomføringa av straffa di, eller påverke miljøet på ein negativ måte.



## 8. KVA SKJER VISS DU IKKJE FØLGER OPP KRAVA VI STILLER TIL DEG?

Viss du bryt ungdomsplanen eller dei andre krava til deg, vil du bli møtt med følgjande reaksjonar:

- munnleg åtvaring
- brotsamtale

Konfliktrådet kan også sette inn strengare tiltak i planen slik at du

- ikkje kan vere på visse stader
- ikkje får vere saman med visse personar
- ikkje får bruke alkohol eller andre rusmiddel og må ta rustestar
- må ha samtalar med politiet, kriminalomsorga eller andre i oppfølgingsteamet
- må melde deg til politiet, kriminalomsorga eller konfliktrådet

Bryt du krava på nytt, kan vi lage ein ny ungdomsplan med andre tiltak.

Ved ungdomsstraff kan domstolen avgjere at du ikkje får vere på visse stader, at du må vere heime til fastsette tidspunkt, eller at du ikkje får ha kontakt med visse personar. Slike tiltak skjer med elektronisk kontroll (fotlenke).



OPPFØLGINGSTEAM



GJENOPPRETTINGSMØTE

UNGDOMSOPPFØLGING  
UNGDOMSSTRAFF

UNGDOMSPLAN

RELASJONSBYGGING

Nye brot kan dessutan føre til at vi avsluttar straffegjennomføringa i konflikt-rådet. Er straffa ungdomsoppfølging, vil påtalemakta behandle saka på nytt. Er straffa ungdomsstraff, vil konsekvensen kunne bli at domstolen avgjer at du anten må sone heile eller delar av fengselstraffa, eller at dei gjer om ungdomsstraffa til samfunnsstraff eller fengsel på vilkår.

Viss du gjer nye lovbrott før straffa er ferdig gjennomført, vil påtalemakta avgjere kva som skjer med den straffa du held på å gjennomføre.



**Kva tenker du om dette? Har du nokon spørsmål?**

Informasjonen du har fått i denne brosjyren, er henta frå desse lovene:  
Ungdomsstraff: straffelova kapittel 8 a

Ungdomsoppfølging: straffeprosesslova § 71 a andre ledd

Gjennomføring av straffa: konfliktrådslova kapittel 4

Forsvarar: straffeprosesslova § 96 tredje ledd, § 99 og § 100 andre ledd



TTENDE  
E

**GJENNOMFØRE  
UNGDOMSPLAN**





## Konfliktrådet

Sekretariatet for konfliktrådane  
Mariboës gate 13, 0183 Oslo

[www.konfliktraadet.no](http://www.konfliktraadet.no)